

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

15. søndag i treeiningstida – 13. september 2020

Preiketekst: Matt 5, 38-48

Lesetekst I: Mika 6, 6-8

Lesetekst II: Fil 1, 9-11

«Ver fullomne!»

Om dagen

Dagens tekster utfordrar med samla styrke lova om gjengjelding, *lex talionis*, som den blir kalla på fin latin. Det synes kanskje naturleg og rettferdig for oss å ikkje la oss støyte; og krenketerskelen må gjerne vere lav. Naturlegvis skal ikkje syndaren gå ustraffa! Salig er den som får offerrolla, han skal få «likes» i alle sosiale media.

Problemet er at Jesus ber sine disiplar om å sjå det annleis. Hans svar er snarare radikal kjærleik.

Mika summerer kallet til etterfølging slik: gjere rett, vise trufast kjærleik, vandre audmjukt med din Gud. Jesu svært utfordrande bodskap denne dagen kom altså ikkje heilt ut av det blå. Han går til hjartet av gudsforholdet, slik profetane hadde peika på før han. Krafta i orda var likevel av heilt ny art.

Om teksta

Jesus er godt i gang med Bergpreika. Etter dei vakre saligprisingane har han nærast utfordra sjølv Toraen, lova. «De har høyrte det er sagt ... , men eg seier dykk: ...!» Preiketeksta kretsar om to slike utsegner, ei knytt til lova om gjengjelding, ei om kjærleiken til nesten. Den første handlar mest om kallet til å la vere, den andre primært om å handle aktivt. I begge tilfella gjeld det å vere fullkomne, liksom Far vår i himmelen er fullkomen.

Kven er han som talar med slik autoritet?

Lova om gjengjelding finn vi i heile tre av mosebøkene (2 Mos 21, 3 Mos 24 og 5 Mos 19). Rett nok kjenner vi lova frå lenge før Moses, heilt tilbake til Hammurabis lov like etter Abrahams tid. Både der og i Israel var den primært eit prinsipp for lovforvaltinga, ikkje for privat hemn. Det er diskutert i kva grad dette var ei

lovgjeving som var meint konkret i si utføring, eller om den er eit rettsleg prinsipp om at forbrytaren skal kompensere for urett mot offeret. GT-tekstene peikar både i retning vederlag og konkret gjengjelding.

I den gamle jødiske tradisjonen slik den er vidareformidla gjennom Talmud, er det vederlaget som dominerer, dvs. at den som har gjort skade, skal kompensere i samsvar med det tapet som motparten har lidd. Vi kjenner ikkje til nokon jødisk skikk med å stikke ut auge eller dra ut tenner som straff for at slik skade er påført. Truleg har det vore «prislappar» på slike skader som har vore hovudsaka for rettslege kjenningar. Den populære bruken av «auge for auge» som noko bestialsk er derfor truleg ute av proporsjon.

Nokon legg vekt på at Jesu rettleiing (det andre kinnet, kappa og to mil) i den talte konteksten ville vere å stille den som forgrip seg, i eit offentleg dårleg lys. Eit slag på høgre kinn måtte bety eit slag med handbaken, noko som samtida såg på som umotivert og nedverdiggande. Til dømes kunne slaveeigarar handle slik mot slavane for å audmjuke dei. Når Jesus ber oss snu det andre kinnet til, utfordrar vi den øvrighetspersonen som har slått, til heller å slå som ein likemann. Slik kan det finnast grunnar også til å avsløre systemet med å kle seg naken i retten når ein rik långjevar vil loppe sin fattige låntakar, eller ved å gå lengre enn den romerske soldaten med lova i hand kunne krevje, og slik sette han i gjeld til deg. Kanskje er dette eit perspektiv ved dei eksempla som Jesus brukar, men det tar uansett ikkje vekk radikaliteten i kallet til å la vere å gjere gjengjeld.

Er ikkje det urimeleg? I rettsleg og samfunnsmessig forstand, jo, men her blir vi utfordra som Jesu etterfølgjarar. Skal ikkje rettferda skje fyldest for disiplar? Jo, og gjengjeldinga kjem i si tid, men den høyrer Gud sjølv til (Rom 12, 19). I denne tida skal vi kalle fiendane våre til omvending ved at vi lever slik Jesus levde, han som ikkje tok igjen då han blei håna (1 Pet 2, 23).

Frå vers 43 er utgangspunktet ei anna utsegn i GT, om å elske nesten sin. Då den lovkyndige stilte Jesu det avgrensande spørsmålet om kven som var nesten hans – og Jesus fortalde likninga om den miskunnsame samaritanen – stod han i ein god skriftlærd tradisjon. Bodet om nestekjærleik, slik det er framstilt i 3 Mos 19, 16-18 kan vel best forståast slik mange jødar gjorde det, at min neste er min landsmann.

Det gjorde Jesu likning om samaritanen som viste seg som ein neste så radikal, og det er dette som også ligg i Bergpreika. Å elske nesten sin inneber også å elske fienden sin. Den budskapen treffer oss i magen med tanke på nabokrangel, ugreie på jobben, såre arveoppgjer, bitre skilsmisser, kyrkjelege konflikter. Om vi tenker på situasjonen i og rundt Israel, er ikkje budskapen blitt mindre aktuell i det området der den blei forkynt første gang.

Poenget er både innlysande og forståeleg: Det er inga stor bedrift å oppsøke eller invitere dei vi set pris på eller gjere godt om dei som har vist seg gode mot oss. Det gjer alle, for det er vår naturlege drift.

Jesus set opp ein alternativ modell, den modellen som Gud lever ut kvar dag: Sjølv om vi reknar han ut av liva våre, ja, om vi spottar og hånar han, lar han livets velsigningar strøyme ganske likt utover dei som trur på han og dei som ikkje trur på han. Er vi born av Gud, ber vi hans DNA. Derfor kan Jesus radikalt utfordre oss til å vere «fullkomne» – som Gud.

Er ikkje det urimeleg og uoppnåeleg? Vel, Gud stoppar ikkje sin kjærleik mot oss med berre regn og sol. Desse orda er sagt av han som gav seg sjølv i ein evig kjærleik for syndene våre. Filipparbrevteksta minner oss denne søndagen om at det nye livet då han gjorde oss til Guds barn, handlar om kjærleikens vekst mot et fullkomne.

Om preika

Ingen predikant har mandat til å svekke nokon av dagens sterke ord av Jesus. Samtidig har vi fullt mandat til å peike på han som tok slag for vår skuld utan å gjengjelde, ja, ikkje berre slag, men fortapinga sitt mørke i syndaren sin plass.

Sjølv har eg mest syn og sans for at preikene våre skal løfte teksta på skikkeleg vis, samtidig som vi må bruke dagens gudsord til å adressere vår eiga tid, våre eigne forsamlingar, våre eigne liv. Her får kvar predikant be om innsikt og frimod.

Teksta lar seg dele i to også med tanke på forkynninga, kallet til å seie frå seg gjengjelding og overlate det til Gud, og kallet til radikal nestekjærleik. Om vi konkretiserer kva eller kven som kan vere Jesu og evangeliets fiendar, må vi trakke varsamt så vi unngår konspirasjonsidear. Snarare må sjølve kallet til disippelskap løftast høgt: Å følgje han som overgav seg sjølv til sine fiendar for vår skuld, og derfor strekke oss mot det fullkomne livet som Gud har født oss på nytt til.

Rolf Kjøde

Høgskolelektor NLA Høgskolen

rolf.kjode@nla.no